



## Årsmelding for Øystese idrettslag (ØIL) 2017

### Innholdsliste

1.0	Verv og ressurspersonar i 2017.....	3
2.0	Styret sitt arbeid i 2017.....	4
2.1	Styremøter.....	4
2.2	Spesielle oppgåver 2017.....	4
3.0	Grupper og aktivitet.....	5
3.1	Fotballgruppa.....	5
3.1.1	Styret.....	5
3.1.2	Administrasjon.....	5
3.1.3	Møter og arbeid i styret.....	5
3.1.4	Organisasjon.....	5
3.1.5	Medlemmar.....	6
3.1.6	Representasjon.....	6
3.1.7	Øystese Kunstgrasbane.....	6
3.1.8	Sportslege resultat.....	6
3.2	Friidrettsgruppa – aktivitet.....	6
3.2.1	Allidrett for born.....	6
3.2.2	Friidrett.....	6
3.3	Trimgruppa – Postkasetrimmen.....	6
3.4	Turngruppa – aktivitet.....	7
3.4.1	Leikeparti for born.....	7
3.4.2	Stemneprogram.....	7
3.5	Orienteringsgruppa.....	7
3.5.1	Nytt o-kart.....	8
3.5.2	Øystesetrimmen.....	8
3.5.3	Sportsleg aktivitet.....	8
3.5.4	Planar vidare:.....	8
3.6	Boccia-/teppecurlinggruppa.....	8



3.7	Aktiviteter ellers i ØIL-regi .....	8
3.7.1	Torefjellstrimmen – Kom deg ut-dagen, søndag 03.09.2017 .....	8
3.7.2	Øystese-trimmen og open hall laurdag 21. oktober 2017 .....	9
3.7.3	Basistreningstilbud for voksne .....	9
3.7.4	Fjelltrim for ungdom/ voksne.....	10
3.7.5	Sirkeltrening for ungdom/ voksne.....	10
4.0	Medlemstal – med grunnlag i medlemsliste sendt til NIF .....	11
5.0	Økonomi (resultatregnskap med balanse).....	12



## 1.0 Verv og ressurspersonar i 2017

<b>Styret i Øystese Idrettslag 2017</b>			
Rolle	Navn	Valgt for antal år i 2017	På val i 2018
Leiar	Arne Lunestad	1	Ja
Nestleiar	Linn Beate Haugslund Ur	2	Nei
Kasserar	Giedre Keturakiene	1	Ja
Skrivar	Marit Buttingsrud	1	Ja
Styremedlem	Frode Sandven	2	Nei
Styremedlem	Tone Mabel Høysæter	2	Nei
Styremedlem	Eirik Kvarv	2	Nei
1. vara	Åshild Bekkesletten	2	Nei
Valnemd	Ledig		Ja
Valnemd	Ledig		Ja
Revisor	Jan Erik Vågen	1	Ja
Revisor	Kjetil Reed	1	Ja

<b>Gruppleiarar (ikkje valgt av årsmøtet) 2017</b>	
Gruppe	Leiar
Fotball	Per Dysterud
Boccia og teppecurling	Lillian Kvamsøy
Turn	Åshild Bekesletten
Orientering	Olav Kreken
Fríidrett og postkasetrim	Leiv Sandven
Hopp, Alpint, Symjing, Vektløfting	Ingen gruppleiarar/ aktivitet



## 2.0 Styret sitt arbeid i 2017

### 2.1 Styremøter

Styret har hatt 11 møter, inkl. møte med idrettskretsen i samband med utmelding av fotballgruppa.

Noko av det viktigaste arbeidet til styret i 2017 har vore retningslinjer, lovverk og framgangsmåte for utmeldinga av fotballgruppa, i tråd med årsmøtevedtak. Det vart etter årsmøtet nedsett arbeidsgruppa samansett av representantar frå fotballgruppa og hovudlaget. Denne gruppa hadde interne møter, samt 1 møte med Hordaland Idrettskrets. Dei viktigaste konklusjonane frå dette arbeidet er:

1. Fotballgruppa kan ikkje ta med seg økonomiske midlar ut av idrettslaget. Midlar i eit idrettslag tilhøyrer idrettslaget (medlemene) og kan ikkje overførast/ brukast på andre aktivitetar enne idrettslagets egne.
2. Fotballgruppa kan ikkje «flytte» medlemmer frå ØIL til ny klubb. Kvar enkelt medlem må evt sjølve melde seg ut av ØIL og inn i ny klubb.

### 2.2 Spesielle oppgåver 2017

- Ajourføring og oppdatering av medlemsmasse i NIF sitt elektroniske medlemsregister «KlubbAdmin»
- Arbeid med å ajourføring av politiattestoversikt, sist i samband med tilsette knytt til FFO/IFO.
- Handsaming av ulike søknadar om støtte, m.a. støtte til deltaking i Lerum cup og Norway cup.
- Avslutning/ nedlegging av tilbodet med IFO/ Telenor Xtra
- Nedlegging av fotballgruppa
- Øystesetrimmen vart i 2017 arrangert i samarbeid med Kvam herad og Grannehjelpa sitt arrangement «Kvammaveko» 21. oktober. Det vart ein suksess.



## 3.0 Grupper og aktivitet

### 3.1 Fotballgruppa

Fotballgruppa har også i 2017 vore klart størst på aktivitet i idrettslaget og einaste gruppa med eige styre.

Dei andre gruppene med ein viss aktivitet har gruppeleiar men ikkje eige styre med økonomiansvar.

-----

#### ØIL-fotball

For detaljar vert det vist til årsmelding Øystese fotball 2017.

#### 3.1.1 Styret

Leiar:	Per Dysterud
Kasserar:	Vilma Vence
Nestleiar/skrivar:	Ivar Fjærestad
Styremedlem:	Terje Langeland
Styremedlem:	Camilla Fykse
Varamedlem:	Lene Huun

Valkomit : Olav Mikal Fykse, Camilla Øystese, Øivind Kristiansen

Rekneskap: Vekstra

#### 3.1.2 Administrasjon

Dagleg leiar:	Roger Vassnes
Sportssjef:	Christian Kjosås

#### 3.1.3 Møter og arbeid i styret

Styret har i 2017 hatt i alt 10 styremøte og 2 arbeidsmøter.

1 arbeidsmøte i samanheng med Øystese Cup og 1 i samanheng med budsjettet

Styreleiar møter fast i styret i Øystese Idrettslag.

#### 3.1.4 Organisasjon

Klubben har i 2017 hatt fem tilsette . Klubben sin daglege leiar gjer jobben på dugnad medan sportssjef (100%) og dagleg leiar Telenor Xtra FotballSFO (100%) samt 1 trenar og 1 spelar vert lønna av klubben.



### 3.1.5 Medlemmar

Klubben har i 2017 hatt over 300 aktive medlemmar og ein hadde i 2017 25 lag i seriesystemet som er på same nivå som tidlegare

### 3.1.6 Representasjon

Christian Kjosås og Roger Vassnes har stilt på møter i regi av Hordaland Fotballkrets. Ole Andre Glesnes har stilt på NFF sine møter i regi av Telenor Xtra

### 3.1.7 Øystese Kunstgrasbane

Kapasiteten på bana er sprengt på dei fleste tidspunkt. Dessutan er det mykje uorganisert aktivitet på bana på tidspunkt då den ikkje er i bruk av klubben sine lag. Slik at det er folk på bana omtrent heile tida.

### 3.1.8 Sportslege resultat

Sesongen 2017 var ein veldig god sesong sportsleg for Øystese Fotball.

## 3.2 Friidrettsgruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Leiv Sandven

### 3.2.1 Allidrett for born

Allidrett har i 2017 vore kvar torsdag kl. 17.00 i idrettshallen. Det er eit tilbod til born i 1. til 4. klasse i grunnskulen.

Det har vore med i alt 24 born, med 12-14 deltakarar i snitt kvar gong.

Det som har vore av friidrett for denne gruppa har vore som del av allidretten.

Målet for aktiviteten er ei allsidig fysisk utfordring, samarbeid mellom borna og meistringskjendsle av det dei er med på. Allsidig påverknad og utvikling gjennom leik og moro er målet.

### 3.2.2 Friidrett

Friidrett ute har det berre vore ut frå foreldreinitiativ.

## 3.3 Trimgruppa – Postkassetrimmen

Ansvarleg: Leiv Sandven

Postkassetrimmen er eit lågterskeltilbod som fremjar aktivitet og folkehelse blant både unge og gamle, små og store, ja som passar dei fleste som er glade i frisk luft og natur. Trimmen er sett saman av 10 postkasspunkt (Laupsadalen, Teldalen, Børvehagen, Nystøl; Krok, Botnane, Hyrting, Ruedal; Manfjell, Torefjell). 8 personar er engasjert i arbeidet med postkassetrimmen.



Postkassetrimmen har vore på plass også i 2017. Deltakinga har vore meir på det vanlege. Dette må ein vel skriva litt på veret. Det har vore eit fuktig ver og bøkene på dei ulike stadene har vorte våte og noko oppløyste. Det gode er at ikkje nokon sider manglar eller er uleselege.

Folk er flinke til å melda frå om noko ikkje er som det skal vera. Det er me svært takksame for. Det me bed om er at bøkene vert lagde ned att i kassane etter innskriving.

Dei mest ivrige i 2017 har vore:

Elisabeth Fremgaard	662 p.
Frid Laupsa Fosso	222 p.
Arnstein Lofthus	208 p.
Kristin Gjøsæter	201 p.
Britt Vik Sandven	179 p.

I 2017 har me ikkje registrert nokon som har vore innom alle postkassane. 2018 vert den 39. sommaren postkassane står ute. Me vonar på ein fin sommar og mange turar.

God tur frå trimgruppa.

### 3.4 Turngruppa – aktivitet

Gruppeleiar: Åshild Bekkesletten

#### 3.4.1 Leikeparti for born

Leikeparti for born 4 – 5 år (u. skulealder) kvar torsdag kl. 17-18 vår og haust – ca 15-20 born fast kvar gong + nokre mindre sysken. Opnar kvar gong med litt fast program med borna. Deretter hjelper foreldra til med aktivitet med eigne born, eller på ein av stasjonane (ringar, ribbevegg og hopp frå kasse, m.v.). Avrundar økta med felles avslutting.

#### 3.4.2 Stemneprogram

Stemneprogram for damer starta opp i januar og hadde trening måndagar på barneskulen. Vigdis Fosso var instruktør. Dette året var det Landsturnstemne i Haugesund som var målet vårt. 23. juni reiste 8 damer avgårde. Fleire treningsøktar måtte til når damer frå heile landet skulle samkøyrast. To flotte oppvisingar hadde me også. Elles var det mange særtroppar og ikkje minst NM i turn som me fekk sett litt på.

### 3.5 Orienteringsgruppa

Gruppeleiar: Olav Kreken



### 3.5.1 Nytt o-kart

O-gruppa i ØIL har i 2016 fått utarbeidd nærorienteringskart over Øystese sentrum. Målet med kartet er å bruke det til opplæring i bruk av kart og kompass og å kunne arrangere sprint-O-løp. Kartet er utarbeidd etter IOF (Internasjonale Orientering Forbund) sin norm.

### 3.5.2 Øystesetrimmen

På Øystesetrimmen vart ei o-løype eitt av alternativa. 35 unge og eldre nytta dette alternativet.

### 3.5.3 Sportsleg aktivitet

ØIL har i 2016 berre hatt ein løpar som har delteke i terminfesta o-løp.

### 3.5.4 Planar vidare:

- Å arrangere kurs og instruksjon i orientering ved hjelp av nærorienteringskartet. o Arbeid med å få utarbeidd o-kart over Tolomarka/Børvehagen.
- Det kjem nytt o-kart på Kvamskogen til sommaren 2017. Dette kan brukast til trening/instruksjon.
- Få på plass eit styre for o-gruppa.

## 3.6 Boccia-/teppecurlinggruppa

Gruppeleiar: Lillian Kvamsøy

ØIL har fast treningstid i Øystese idrettshall kvar tysdag for boccia, og 1 gong pr mnd teppecurling. På bocciatreningane deltek ca 20 personar, og ca 4 personar møter opp på teppecurling.

Trenarar er Bente Tveiterås og Lillian Kvamsøy.

Teppecurling er eit artig lågterskeltilbod som bør kunne marknadsførast ovanfor grupper som elles har vanskeleg for å delta i organisert aktivitet.

## 3.7 Aktivitetar elles i ØIL-regi

### 3.7.1 Torefjellstrimmen – Kom deg ut-dagen, søndag 03.09.2017

- Fellesannonse med Kvam turlag som også hadde arrangement
- Heile 102 personar var på toppen
- Fleire spreke små under skulealder på toppen.
- Framtidige arrangement kan utviklast med fleire partnerar/lag, med tilrettelegging for å nå flest mogeleg i alle aldrar med ulik funksjonsemne.





### 3.7.2 Øystese-trimmen og open hall laurdag 21. oktober 2017

- For fyrste gong arrangert i samarbeid med Kvam herad og Grannehjelpa sitt arrangement «Kvammaveko». Medførte større deltaking og fleire besøkjande til både kafe, og open hall. Ein svært positiv effekt for Øystesetrimmen som arrangement.
- 13 deltakarar i konkurranseklassen.
- 140 i trimmen
- 127 deltagere på Øystesetrimmen
- I tillegg 13 deltagere på tidtaking
- Klasse 2b vant klassetevlinga med 7 deltagere
- Til sammen 37 elever fra Øystese Barneskule

#### **Senior , menn**

1. Lars Olav Børve, 21.48
2. Eirik Kvarv, 22.47
3. TK Børve, 23.33
4. Frode Sandven, 26.33

#### **Junior menn:**

1. Ådne Kjosås (2007), 26.32
2. Øivind Hildonen-Teigland (2005), 32.17
3. Olve Tønning Madsen (2005), 36.10
4. Iver Dalatun (2005), 40.51
5. Olai Sandven (2005), 40.52
6. Asgeir Saxsæther Kvanndal (2005), 42.47
7. Oskar Øvsthus (2005), 42.47

#### **Senior damer**

1. Ingunn Hildonen-Teigland, 32.30
2. Britt Vik, 32.30

#### **Junior damer**

- Ingen deltagere

### 3.7.3 Basistreningstilbod for vaksne

Basistrening for vaksne gjekk i 2017 føre seg i gymsalen på Kvam ungdomsskule måndagar kl 19.00-20.00. Aktiviteten starta etter haustferien og haldt på fram til påskeferien.

Det er tre instruktørar som har delt på arbeidet: Reidun Braut Kjosås, Elisabet Aarekol og Anne- Heidi Neteland Bjørke.

Oppmøtet har vore stabilt på rundt 30 deltakarar kvar gong i alderen ca 30-70 +/- . Til saman har det vore om lag 50 ulike deltakarar på treninga. I 2017 har det berre vore kvinner på treninga. Treninga er variert, med hovudfokus på styrke og kjernemuskulatur, og noko kondisjon.



Basistreninga for vaksne er ein sosial og aktiv arena, og eit lågterskeltilbod for alle i bygda som ynskjer å halda seg i form.

#### 3.7.4 Fjelltrim for ungdom/ vaksne

Nytt tilbod i 2017 har vore «Fjelltrim». Aktiviteten har vore presentert på fylgjande måte:

«ØIL startar opp Fjelltrim kvar torsdag kl 19.00, frå og med 8. juni. Høver for deg som likar å bruka fjellet til trening.

Dette er ein god anledning til å førebu seg til HardingFest, Fyksesundet Rundt, eller berre sanke postkassepoeng og god trim.

Opplegg: felles avmarsj, alle går i sitt tempo til toppen, samling og retur i grupper.

Fjell: rullerer på Torefjell, Manfjell og Breidablikk»

Oppmøtet har variert frå 3-12 personar gjennom sesongen, som gjekk frå juni til september.

#### 3.7.5 Sirkeltrening for ungdom/ vaksne

Nytt tilbod også dette i 2017. Aktivitet som avløyser «Fjelltrim» når sesongen er over. Gymsal på ungdomskulen torsdagar kl 21.00 – 22.00.

Tradisjonell sirkeltrening i gymsal på ungdomskulen. Røynde deltakarar som i stor grad styrer seg sjølve. Musikk og ansvar for nøkkel har rullert mellom fleire, mellom anna AK Gluck-Teigland, Eirik Kvarv og Jarle Flotve.

Oppmøtet har variert frå 8-15 personar.



#### 4.0 Medlemstal – med grunnlag i medlemsliste sendt til NIF

<b>Medlemstal 2017 i fleiridrettslaget</b>			
	Jenter/ kvinner	Gutar/ menn	Samla
0-5 år	14	13	<b>27</b>
6-12 år	50	72	<b>122</b>
13-19 år	57	62	<b>119</b>
20-25 år	9	13	<b>22</b>
26 + år	136	165	<b>301</b>
<b>Samla 2017</b>	<b>266</b>	<b>325</b>	<b>591</b>
<b>Medlemsutvikling</b>			
2016	352	410	762
2015	290	376	666
2014	285	361	646
2013	303	371	674

Kommentar til medlemstal:

Ein har i 2017 halde fram ajourføring av elektronisk medlemsregister. Ein har ut frå dette fått mykje meir presise medlemslister, og betre kontroll med betalt medlemsavgift. Medlemstala for 2017 er presentert som faktisk betalt medlemsavgift. Det inngår 69 «Støttemedlemer» i medlemstala.



## 5.0 Økonomi (resultatregnskap med balanse)

Ein har diverre ikkje lukkast med å få rekneskapen klar innan publisering av årsmeldinga. Rekneskap vert lagt fram på årsmøtet, og deretter ført inn i årsmelding i etterkant av møtet.

Øystese 05. mars -2018

Arne Lunestad

Linn Beate Haugslund Ur

Tone Mabel Høysæter

Giedre Keturakiene

Frode Sandven

Marit Buttingsrud

Åshild Bekkesletten